

Vedlegg til saknad om kårteining 25-August-2015
2015

FJS8MM

Radøy Sogelag: Rekneskap 2014

Resultatrekneskap:

Inntekter		Inntekter
Medlemskontingent	kr	17 100,00
Sal av bøker	kr	16 600,00
Diverse tilskot	kr	9 368,00
Overskot "Gryta hennar mor"	kr	4 635,00
Omvisning Bogatunet gruppe	kr	800,00
Annet	kr	88,00
Renteinntekter	kr	8 930,00
Sum inntekter	kr	57 521,00

Kostnader		Kostnader
Medlems kontingent landslaget	kr	1 560,00
Innrykk aviser årsmøtet	kr	1 147,00
Div. utgifter Hordaland Sogelag	kr	4 072,50
Husleige Stabburet	kr	2 800,00
Andre utgifter	kr	15 781,30
Rente utgifter - Gebyr	kr	63,00
Sum utgifter	kr	25 423,80


Overskot / underskot drift:

Inntekter	kr 57 521,00
Utgifter	kr 25 423,80
Overskot	kr 32 097,20



Balanse:

Bank pr. 31.12.14	kr 406 384,56
Bank pr. 01.01.14	kr 374 287,36
Kontroll sum overskot	kr 32 097,20

31.12.14 / 19.02.15 Styret:

 Liv Berith Rath
Einar Borgund Liv Berith Rath Johannes Birkeland Håkon Lunde
Leiar (su) Kasserer (su) Sekretær (su) Styremedlem (su)

Gunnar Kvalheim
Styremedlem (su)

Ettersynsfolk:  
Arne Villanger Olav K. Morken

Radøy sogelag

Friluftslivets år 2015

2015 er "Friluftslivets år". Sogelaget må markere dette, kommunen har kome med tilbod om samarbeid for 2 turar.

- ☐ Tur til øydegarden Grimstad, som ligg i nærleiken av Kvalvika. Sogelaget må stille som vegvisar. Lettaste vegen er vel frå Kviste, men me kan og gå frå Sæbøvågen.
- ☐ Tur til Torvhusa til gardane Pletten og Sletten (som ligg i dalføret nord om Radøy Gjerdenett og er for så vidt synleg frå hovudvegen). Der går traktorveg / skogsveg, så her er det lett å koma fram.

Her må me syne fram brenntorva si historie. Demonstrere utstyr og arbeidsmåtar.

Arbeidsprogram 2015 (Nummer står ikkje for prioritering)

1. Styret skal synfare og gjere seg kjend med Bogatunet og Syltastova - leggja styremøter til desse stadane.
2. Ny merking og dokumentasjon av dei historiske gjenstandane på Bogatunet og Syltastova. **Berit Kvalvik, Arne Villanger, Liv Berit Rath, Elna Tvedt Bauge, Øyvind Ask og Einar Borgund har ansvaret.**
3. Prøve å få fjerne veggdyr (mott) frå løa i Bogatunet – **Håkon Lunde og Johannes Birkeland tek ansvaret.**
4. Dugnad med reingjering og oppussing av Stabbursloftet – for å gjere loftet tenleg til lagerplass.
5. Utvikle "Ope Stabbur" som møteplass. – **Styret har ansvaret.**
6. Ta hand om biletsamlinga (frå utstillinga på Radøy Kunstsenter 2013). Velje ut ein del som skal i ramme med glas. Dei me ikkje finn veggplass til må lagrast på tilfredsstillande måte. **Kari Smith og Johannes Birkeland har ansvaret.**
7. Ope Stabbur i samband med Torgdagen og Julegata.
8. Skuleklassar på Bogatunet i slutten av august etter vanleg opplegg.
Kjøpe inn ein del praktisk utstyr til matlaging
9. Drifte heimesida og fsebook.
10. Markere "Friluftslivets år" i samarbeid med Radøy kommune:
 - ☐ Turdag til øydegarden Grimstad som ligg ikkje langt frå Kvalvika. Sogelaget stiller som vegvisar og serverar kaffi og noko attåt. **Berit Kvalvik og Einar Borgund har ansvaret.**
 - ☐ Vandring til torvhusa som høyrer til Pletten og Sletten. Her legg me opp til ein "dag i torve" med demonstrasjon av utstyr og arbeidsmåtar. **Johannes Birkeland og Håkon Lunde har ansvaret.**
11. Omvisning på Bogatunet for sykkelgruppe 9. mai om lag 11.00 – 11.30
12. Utarbeide medlemsblad til jul – **Skriftstyret har ansvaret**

Styret vil oppmode medlemmer og andre om å melde seg til dugnad !!!!!

(Det vert ikkje Bogatunstemne eller "Grillsamling på kaien" dette året.)